

# Helseberedskapsplan



## Innhald

Innleiing .....	3
Samordning av planar.....	3
Lovgrunnlag .....	3
Verksemder planen skal gjelde for .....	3
Utarbeiding, godkjenning og revisjon av planen.....	4
Samanheng med ROS .....	4
Økonomi .....	5
Organisasjonskart, organisering og leiing .....	5
Etne kommune .....	6
Helse og Omsorg i Etne kommune - organisasjonskart .....	7
Informasjonsflyt .....	8
Varsling.....	8
Sjekkliste for varslings.....	8
Varslingsystem .....	9
Varsling24 .....	9
Tryggleiksalarm.....	9
Norsk Naudnett .....	9
Rayvn .....	9
Oversikt over eksterne aktørar .....	9
Beredskapsrådet.....	9
Folkehelseinstituttet .....	9
Mattilsynet .....	9
Direktorat for strålevern og atomsikkerhet (DSA) .....	10
Statsforvaltaren .....	10
Regionale helseføretak.....	10
Andre kommunar .....	10
Sivilforsvaret.....	10
Frivillige organisasjonar.....	10
Politiet .....	10
Andre leverandørar av Helse og omsorgstenester i kommunen .....	10
Psykososialt kriseteam .....	10
Innhald i verksemdene sitt beredskapsarbeid .....	11
Andre kommunale avdelingar utanfor helse og omsorg.....	12
IKT.....	12

Utvikling og drift.....	12
Etne og Skånevik Brannvesen.....	12
Hjartestartar i kommunen.....	12
Normalisering.....	13
Øving.....	13
Tiltaksplan .....	13

## Innleiing

Føremålet med ein overordna helseberedskapsplan er å sikre nødvendig helsehjelp, helse- og omsorgstenester og sosiale tenester til innbyggjarar under kriser og katastrofar i fredstid, og ved krig.

Helseberedskapsplanen viser korleis beredskapsførebuingar og handtering av ekstraordinære hendingar skal handterast, og kor ansvaret er plassert.

Helseberedskapsplanen skal sikre at kommunen:

- ▼ Har kunnskap og oversikt over risiko og sårbarheit i sektoren Helse og omsorg
- ▼ Førebygge for å hindre hendingar og kriser
- ▼ Ha beredskap for å handtere hendingar og kriser
- ▼ Gjenopprette funksjonar under og etter hendingar, kriser og katastrofar
- ▼ Lære av erfaring frå hendingar og øvingar

## Samordning av planar

Helseberedskapsplanen er ein forlenging av kommunen sin overordna beredskapsplan. Den er basert på ROS analysar utført i år 2022-2024 for Helse og omsorg, og overordna ROS for Etne kommune frå 2019.

Helseberedskapsplanen er overordna plan for følgjande planar og rutinar i Etne kommune:

- ▼ Smittevernplan i Etne kommune
- ▼ Atomberedskapsplan
- ▼ Infeksjonskontrollprogram for institusjon
- ▼ Tuberkulosekontrollprogram
- ▼ Psykososial kriseplan
- ▼ Pandemiplan
- ▼ Plan for evakuert- og pårørande senter (EPS)
- ▼ Vaksineplan

Planen tek høgde for samhandling med Helse Fonna gjennom tenesteavtalane som er godkjent i Samarbeidsutvalet (SU) mellom kommunar og helseføretak<sup>1</sup>.

## Lovgrunnlag

Norske kommunar har ei lovbestemt plikt til å utarbeide beredskapsplan for helse- og sosialtenestene. Oversikt over lovkrava er vedlagt i vedlegg 3.

## Verksemder planen skal gjelde for

Helseberedskapsplanen skal gjelde for verksemder i sektoren Helse og omsorg. Den kan også få innverknad på barnehagar og skular i kommunen, samt private helseaktørar.

Den enkelte verksemda i helse og omsorg skal ha ein lokal oversikt over beredskapsarbeidet som gjer dei i stand til å yte nødvendige tenester ved<sup>2</sup>:

---

<sup>1</sup> [Samarbeidsavtaler - Helse Fonna HF \(helse-fonna.no\)](https://www.fonna.no/om-oss/samarbeidsavtaler)

<sup>2</sup> <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2001-07-23-881>

- ▼ Interne og eksterne hendingar som vesentleg reduserer verksemda sin evne til å yte varer og tenester.
- ▼ Eksterne hendingar som vil innebera ei ekstraordinær belastning på verksemda, og som kan krevje en generell omstilling av den ordinære drift for å kunne auke kapasiteten.

Målet er at kommunen skal oppretthalde sitt ansvar i ekstraordinære situasjonar og

- ▼ fremje helse og førebygge sjukdom, skade og lyte
- ▼ førebygge og behandle sosiale problem
- ▼ diagnostisere og behandle sjukdom, skade og lyte
- ▼ gje pleie og omsorg i institusjonar, bustadar med heildøgns bemanning og i egne heimar
- ▼ Gje hjelp ved ulykker og andre akutte situasjonar
- ▼ sørge for psykososial oppfølging etter ulykker, kriser og katastrofar
- ▼ opprette evakuerte- og pårørandesenter (EPS)

### Utarbeiding, godkjenning og revisjon av planen

Helseberedskapsplanen er forankra i Etne kommune sin planstrategi for 2020-2024 og hos leiargruppa til Helse og omsorg. Planen er utarbeidd av kommuneoverlegen i samarbeid med einingane i Helse og omsorg.

Planen skal godkjennast fyrste gong i kommunestyret Juni 2024.

Planen skal reviderast kvart 4. år i planperioden, med årleg gjennomgang av beredskapslister.



### Samanheng med ROS

Risiko og sårbarheits analyser er ei systematisk kartlegging av risiko og sårbarheit og utgjer grunnlaget for beredskapsarbeidet.

Etne kommune laga i 2019 ein overordna ROS analyse (sjå vedlagt), men denne dekker berre ein liten del av fagområdet Helse og omsorg. Sektoren laga derfor ei utvida ROS analyse i 2023.

Einingsleiarar, avdelingsleiarar, verneombod og tillitsvalde i Helse og omsorg har delteke i ROS analysane.

Analysane er gjort i Compilo, som er kommunen sitt kvalitetssystem. Tilgang til Compilo er via kommunen sitt intranett. Kvar eining skal jobbe vidare med ROS analysar innanfor eigen sektor.

Følgande tema er kartlagt i ROS analysen som er utført i perioden 2023-2024

- ▼ Flaum i Etneelva og påverknad på sektoren Helse og omsorg
- ▼ Personalmangel
- ▼ Bortfall av mobildekning
- ▼ Brann
- ▼ Bortfall av IKT
- ▼ Medisinmangel
- ▼ Pandemisk smittsam sjukdom
- ▼ Bortfall av vatn
- ▼ Manglande kapasitet i sjukehus
- ▼ Atomuhell
- ▼ Bortfall av straum > 3 dagar
- ▼ Bortfall av straum < 24 timar
- ▼ Bortfall av naudnett
- ▼ Ekstremvær


## Økonomi

Tilsette i Helse- og omsorgssektoren har mynde til å setje i gong nødvendige strakstiltak for å hindre skade på liv og helse. Einingsleiar skal så snart som mogleg godkjenne ressursbruken og underrette kommunedirektøren. Ved langvarig krise ligg mynde til løyve av økonomiske ressursar hos kommunestyret.

## Organisasjonskart, organisering og leiing

Helseberedskapen byggjer på folkehelsearbeidet og den daglege helse- og omsorgstenesta i tråd med prinsippa om ansvar, nærleik, likskap og samvirke.


- ▼ Ansvarsprinsippet betyr at ein har ansvar for dei same oppgåvene i ei krise som ein har i normaltid. Ein har og ansvar for å sikre beredskapsarbeidet innanfor sitt ansvarsområde.
- ▼ Liksapsprinsippet seier at den organisasjonen ein har under kriser skal vera mest mogleg lik den organisasjonen ein har til dagleg.
- ▼ Nærleiksprinsippet inneber at ei krise skal handterast på lågast mogleg nivå.
- ▼ Samvirkeprinsippet stiller krav til at myndigheit, verksemd eller etat har eit sjølvstendig ansvar for å sikre best mogleg samvirke med relevante aktørar og verksemder i arbeidet med førebygging, beredskap og krisehandtering.



I Etne kommune er beredskapskoordinator, saman med brannsjef og beredskapsleiar brann, underlagt kommunalsjef Utvikling og drift.

Det er kommunedirektøren som avgjer om kriseleiinga i kommunen (KKL) skal aktiverast. Kommunedirektøren sitt krisenummer er: 53758008.

## Helse og Omsorg i Etne kommune - organisasjonskart



Helse og omsorg er leia av kommunalsjef for denne sektoren, og kommuneoverlegen er ein del av leiargruppa til Helse og omsorg saman med rådgjevar, tenestekontor og einingsleiarar for helse og pleie og omsorg.

Kommunalsjefen si leiargruppe vil fungere som kriseleing innanfor sektoren Helse og omsorg.

Etne kommune har interkommunalt samarbeid om legevakt som er lokalisert i Ølen. Vindafjord kommune er vertskommune og har ansvar for den daglege drifta. Fastlegane ved Etne legekontor deltek i den interkommunale vaktordninga.

Legevaktarbeid blir ikkje omtala i denne planen, då drifta av denne ligg til Vindafjord kommune.

## Informasjonsflyt

Det er kommunalsjef i Helse og omsorg som har ansvar og mynde til å gi informasjon til media som ikkje er underlagt Politi eller kommunal kriseleiing i kommunen. Det kommunen sin overordna beredskapsplan som beskriv krisekommunikasjon.

Informasjon til innbyggjarar skal formidlast så raskt som mogleg gjennom:

- ▼ Kommunen sin nettstad: [www.etne.kommune.no](http://www.etne.kommune.no)
- ▼ Kommunen si Facebookside
- ▼ Kommunen sitt sms -varslingssystem – Varsling 24
- ▼ Kommune TV
- ▼ Media

## Varsling

Kriser skal løysast på lågast mogleg nivå, og det skal alltid meldast vidare opp i organisasjonen når det er ein hending/aktivering.

Helseberedskapsplanen kan aktiverast av:

- Ordførar/kommunedirektør
- Kommunalsjef Helse og Omsorg
- Politi
- Helseføretak
- Statsforvaltar

## Sjekkliste for varsling

Kven skal varslast?	Ansvar
Kommunedirektør og ordførar	Kommunalsjef
Legevakt og fastlegar	Smittevernlegen
Avdelingsleiarar på institusjonane (sjå varslingslister)	Einingsleiar/ kommunalsjef Helse og omsorg
Rektorar/styrarar i barnehagane	Kommunalsjef oppvekst
Helse Fonna Fylkeslegen Helsetilsynet Folkehelseinstituttet	Smittevernlegen
Mattilsynet ved mistanke om smitte via mat/vatn Politiet ved behov	Smittevernlegen
Psykososialt kriseteam	Helseleiar

For telefonliste til leiarar i Etne kommune sjå Vedlegg 1. Denne blir revidert årleg av kommuneoverlegen.

## Varslingssystem

### Varsling24

Etne kommune har tilgjengeleg varslingsystem til innbyggjar, og nyttar det digitale verktøyet *Varsling 24*<sup>3</sup>. Dette kan nyttast for sms-meldingar til befolkninga innanfor eit geografisk område, eller bestemte grupper ut frå til dømes innbyggjarlister frå folkeregisteret. Administrering av tenesta i kommunen ligg til service og fellestenester.

Ved bortfall av digitale/elektroniske tenester vil kommunen nytte ressursar som heimetenesta, posten, Frivilligsentralen og andre frivillige organisasjonar for å spreie rundt informasjon.

### Tryggleiksalarm

Etne kommune har tilbod om tryggleikspakke (brannvarsling og tryggleiksalarm) som er knytt opp mot sentral. Heimetenesta har oversikt over kva brukarar som vil ha behov for oppfølging om tenesta skulle falle bort.

### Norsk Naudnett

Naudnett er eit landsdekkjande samband for politi, brannvesen, helsetenesta og andre aktørar med naud- og beredskapsansvar. Naudnett er eit lukka og avlyttingsikkert radionett, der kvar aktør får tilgang til spesifikke fellestalegrupper på tvers av organisatoriske og geografiske grenser, samt internt i eigen organisasjon i førehandsdefinerte talegrupper. Bruken av Naudnett er regulert av prosedyrar og sambandsreglement, samt at alle som skal nytta Naudnett må gjennomføre eige kurs. I Etne kommune er det legane og mannskapa i Etne Brann og Redning som har eigne naudnettradioar.

### Rayvn

Etne kommune nyttar beredskapsverktøyet Rayvn i kommunikasjon med feks Statsforvaltar i krise og katastrofar<sup>4</sup>

## Oversikt over eksterne aktørar

### Beredskapsrådet

Kommunen samarbeider med eksterne etatar og organisasjonar som til dømes Etne Røde Kors, Sivilforsvaret, Politi og Mattilsyn som alle er representert i beredskapsrådet. Rådet er leia av ordførar, og har to årlege møter. Helse- og omsorgssektoren er representert av kommunalsjef og kommuneoverlegen.

### Folkehelseinstituttet

Folkehelseinstituttet (FHI) er ein nasjonal kunnskapsinstitusjon for heile helsesektoren. Instituttet har ansvar for overvaking av smittsame sjukdommar, mottak av meldingar og varsling, rådgiving, smitteoppsporing og vaksineberedskap.

### Mattilsynet

Mattilsynet er direktorat og tilsyn som dekker verdikjedane frå hav, fjord og jord til forbrukar. Mattilsynet har ansvar for oppklaring og tiltak innan matkjedene ved utbrot av smittsam sjukdom i befolkninga frå næringsmidlar, drikkevatt eller dyr.

---

<sup>3</sup>[Omfattende Varslingssystem for Kommuner i Norge - Varsling24 \(f24.com\)](#)

<sup>4</sup>[DSB ressurside - RAYVN - Programvare for håndtering av kritiske hendelser](#)

## Direktorat for strålevern og atomsikkerhet (DSA)

DSA er myndighet og kompetanseorgan for atomsikkerhet, all bruk av stråling, for naturleg stråling og for radioaktiv forureining i miljø.

## Statsforvaltaren

Statsforvaltaren har etter kommunelova ansvar for å samordne statleg tilsyn med kommunar og fylkeskommunar. Statsforvaltaren er bindeledd mellom lokalt og nasjonalt nivå, med ansvar for samordning av samfunnssikkerheit og beredskap i fylket.

## Regionale helseføretak

Spesialisthelsetenestene er organisert i fire statleg eigde regionale helseføretak (RHF) som skal sørge for at spesialisthelsetenester er tilgjengeleg for befolkninga i sin region. RHF-ane eig helseføretak som har ansvar for å tilby spesialisthelsetenester slik som sjukehusenester, akuttmedisinsk beredskap, medisinsk nødmeldetjeneste (AMK, medisinsk nødnummer).

Helse Fonna er Etne kommune sitt lokale Helseføretak med ansvar for ambulansetenesta i Etne og omliggande kommunar. Ambulansetenesta er samlokalisert med legevakta i Ølen. Akutt utrykkingstid til Etne Sentrum er 10 minuttar, og til Skånevik sentrum om lag 30 minuttar.

## Andre kommunar

I henhold til Lov om kommunale helse og omsorgstenester § 5-3, annet og tredje ledd, er det ei lovplikt å hjelpe ein annan kommune som har behov for hjelp.

## Sivilforsvaret

- ▼ Sjå kommunen sin overordna beredskapsplan

## Frivillige organisasjonar

- ▼ Etne frivilligsentral
- ▼ Etne Røde Kors
- ▼ Helselaget i Skånevik

## Politiet

- ▼ Næraste politikontor er lokalisert i Ølen, Vindafjord kommune. Politisentralen er i Haugesund.
- ▼ Politikontakt i Etne
- ▼ Ring 112 ved akutt nød
- ▼ Ring 02800 ved behov for samhandling med Politiet

## Andre leverandørar av Helse og omsorgstenester i kommunen

- ▼ Privatpraktiserande fysioterapeutar: Etne Fysioterapi og trening
- ▼ Vitus Apotek, Etne Senter tlf 53771410
- ▼ Etne Tannklinikk, Marco Pohl tannklinikk, Karlsen tannklinikk, Skånevik tannklinikk

## Psykososialt kriseteam

- ▼ Teamet er ein viktig del av kommunen sin helseberedskap, og tek ivare psykososiale tiltak ved kriser, ulykker og katastrofar.
- ▼ Teamet gir psykososial omsorg og støtte i akutfase etter hendingar. Målgruppa er fysisk uskadde eller lettare skadde, samt eige innsatspersonell.
- ▼ Varsling av Psykososialt Kriseteam kan gjerast av blålysetatane og kommunal kriseleing.
- ▼ Behovet for tenester frå Psykososialt Kriseteam rettast til helseleiar (sjå tabell) i Etne kommune.

- ▼ Psykososialt kriseteam har eigen plan for arbeidet. Vedlegg

## Innhald i verksemdene sitt beredskapsarbeid

Den enkelte verksemda skal ha ein beredskap som gjer dei i stand til å yte nødvendige tenester ved hendingar som vesentleg reduserer verksemda sin evne til å yte varer og tenester, eller krev ei auka kapasitet.

Verksemda sin beredskapsdelplanar/rutinar skal innehalde:

- ▼ Oversikt over verksemda si kriseleiing.
- ▼ Varslingsplan for innkalling av tilsette, faste og ofte brukte vikarer.
- ▼ Byggeteikningar av institusjonar, bufellesskap og personalbasar, med visning til nødutgangar.
- ▼ Evakueringsplan og oversikt over alternative stadar/lokasjonar som det skal/kan evakuerast til.
- ▼ Rutinar ved langvarig bortfall av straum, vatn og ved omlegging av drift, ved ekstraordinær driftsbelastning/reduert driftskapasitet.
- ▼ Rutinar ved langvarig bortfall av digitale fagsystem, nødjournal.
- ▼ Rutine for forsyningssikkerheit av mat, medisinar, utstyr
- ▼ Kontinuitets-plan som skal innehalde:
  - Oversikt og disponering av personell.
  - Oversikt over personell som kan frigjerast til andre oppgåver.
  - Oversikt over minimumsbehov for personell for å kunne gi forsvarlege tenester.
  - Oversikt over brukarar og behov.
  - Prioritering av oppgåver.
  - Kommunikasjon og informasjon.

Alle planer/rutinar som skal nyttas i ekstraordinære situasjonar/ved kriser skal vera lagra i Compilo, og som papirutgåve i tilfelle svikt i Ekom (elektronisk kommunikasjon og infrastruktur som må vera til stade for at kommunikasjonen skal fungere). Den skal oppbevarast og ajourførast i henhold til eigne prosedyrar i verksemda.

Ved langvarige beredskapssituasjonar skal det sikrast nødvendig kvile for personell mv. Det er krav om at partane drøfter med tillitsvalde (TV) og verneombod (VO).

I henhold til Helseberedskapsloven § 4 – 1, kan ein i visse situasjonar nytte seg av tenesteplikt og beordring av helsepersonell<sup>5</sup>.

---

<sup>5</sup> [Lov om helsemessig og sosial beredskap \(helseberedskapsloven\) - Lovdata](#)

## Andre kommunale avdelingar utanfor helse og omsorg

Internt samarbeid på tvers av sektorar er viktig for å sikre at Helse og omsorgstenester blir levert.

### IKT

IKT har eige internkontrollsystem der berre IKT avdelinga har tilgang, der bl.a. følgjande rutinar er lagra:

- ▼ Tryggleikskopiering
- ▼ Kundebehandling
- ▼ Saksbehandling
- ▼ Brukartilgangar
- ▼ Innkjøp
- ▼ Oppdateringar
- ▼ Nettverk

### Utvikling og drift

- ▼ Rutinar for testing av naudstraum er utarbeidde og blir følgd opp av eining for Drift og vedlikehald
- ▼ Reinhold og vedlikehald
- ▼ Sikre vatn tilførsel

### Etne og Skånevik Brannvesen

- ▼ Akutthjelparar i Etne og Skånevik Brannvesen
- ▼ Hjartestartar
- ▼ Akutt frigjering og skadeavgrensing
- ▼ Brann handtering

## Hjartestartar i kommunen

- ▼ Etne og Skånevik Legekontor i opningstidene
- ▼ Etne og Skånevik Brannvesen 24/7 tilgjengeleg
- ▼ Etne omsorgssenter

Hjartestartar-registera viser at det er fleire hjartestartarar utplassert i kommunen; Etne 8 stk, Skånevik 3stk og Markhus 1stk<sup>67</sup>. I tillegg er det fleire uregistrerte hjartestartarar. I henhold til lovverket er det verksemdene som skaffar til veie utstyret som har plikt til å vedlikehalde og ivareta utstyret<sup>8</sup>.

---

<sup>6</sup> [Hjertestarterregisteret - Finn nærmeste hjertestarter | 113.no](#)

<sup>7</sup> [HJERTESTARTERREGISTERET \(norsk hjertestarterregister.no\)](#)

<sup>8</sup> [Forskrift om håndtering av medisinsk utstyr - Lovdata](#)



## Normalisering

Målet er å komme tilbake til lågast mogleg effektive nivå så snart som mogleg. Det er kommunedirektør, kommunalsjef eller kommuneoverlege som har mynde til å avslutte status krise, avhengig av karakteren på denne. Etter ei hending skal den evaluerast og eventuelt planverk som er nytta skal ajourførast.

## Øving

Sektor Helse og omsorg skal øve på kommunen sin overordna helseberedskapsplan i samband med årleg gjennomgang.

Øvingar er eit viktig verkemiddel for å trene ansvar og rolle i krisehandtering, samt teste planverket. Gjennom øvingar får kommunen viktig lærdom om beredskapsplanverket og kriseorganisasjonen, samt at eventuelle forbetringar blir avdekka.

Det kan nyttast ulike øvingsformer:

Diskusjonsøvingar, speløvinga og fullskalaøvingar eller kombinasjonar av disse. Scenarioa for øvingane skal hentast frå sektoren sin ROS-analyse.

Heseberedskap bør stå sentralt når kommunen arrangerer beredskapsveka med fokus på eigenberedskap.

## Tiltaksplan

På bakgrunn av kartleggingar gjennom ROS analysane, gjennomgang av lovverk og rettleiarar er det avdekka sårbarheiter i organisasjonen som som vil bli løyst gjennom tiltaksplan for kommande plan periode. Tiltaksplanen er overordna og einingane vil lage egne tidslinjer/prosjektplanar for gjennomføring og meir detaljerte tiltak for kvar overskrift. Me skal ha mål om å ha gjennomført alle tiltak innan 2025.

TILTAK	FRIST	ANSVAR
Plan for evakuert pårørende senter(EPS)	31.12.2024	Einingsleiar Helse
Kontinuitetsplanar for einingane	31.12.2025	Einingsleiar Helse Einingsleiar Pleie og Omsorg
Beredskapsplan eining helse som følg opp ROS-analyse	31.12.2025	Einingsleiar helse
Beredskapsplan eining Pleie og omsorg som følg opp ROS-analyse	31.12.2025	Einingsleiar Pleie og omsorg
Arbeid med ROS – oppfølging og nye risiko område	Fortløpande	Einingsleiar Pleie og omsorg Einingsleiar helse
Oppfølging av ROS knytt til digitale verktøy(Velferdsteknologi)	01.06.2025	Rådgjevar helse og omsorg
Oppfølging av ROS knytt til EPJ(journalsystem)	01.06.2025	Rådgjevar helse og omsorg